

**Faktaark:**

## Breheimen nasjonalpark



Tverrådalskyrkja med rein på Sjellflye

Foto|Per Steinar Løkken

Breheimen nasjonalpark er nyoppretta. Det er etablert fem tilhøyrande landskapsvernområde og eitt naturreservat i tilknytning til nasjonalparken. Nasjonalparken har nokon av dei største villmarksprega områda som er att i Sør-Norge og inneheld eit mangfald av naturtypar.

**Samanhengande vern frå Jostedalbreen til Breheimen**

Det ca. 1794 km<sup>2</sup> store området femner om grønne dalar, snaufjell- og breområde.

Areala i den kontrastrike Breheimen er den første verneplanen som vert sikra etter den nye Naturmangfaldlova. Med dette har vi sikra eit stort område som heng saman med Jostedalbreen nasjonalpark.

**Natur og landskap av høgste klasse**

Breheimen har nokre av dei største villmarksprega områda som er att i Sør-Norge. Naturen er svært variert med uvanleg stor spennvidde i naturtypar. Området har difor store

landskaps- og opplevingsverdiar.

Samspelet mellom flora og geologi gjer opplevingane rike. Breane, tindane, høgfjellsvidder, vassdraga med frittrennande elvar og fossar, den spesielle fjellvegetasjonen, frodige dalar med innslag av edellauvskog og levande kulturlandskap med stølsdrift, gjer at området er unikt i nasjonal samanheng.

**Eit rikt naturmangfald**

Det finst fleire svært viktige naturtypar og ei rekkje raudlisteartar i området. I fleire av dalføra finst rikare biotopar med både truga og sjeldne fugleartar, t.d. kvitryggspett. Her er gode hjortebestandar.

Store rovdyr og fleire rovfuglartar finst også i verneområda. Ottadalen villreinområde er det tredje største leveområdet for villrein i Norge. Verneområda i Breheimen utgjer den søre delen av dette villreinområdet og har svært stor verdi for villreinen.

**Kulturmiljø**

Breheimenområdet er rikt på kulturminne. Her kan du sjå både dyregraver, fangstanlegg, stølar og gamle ferdavegar. Særleg verdifulle kulturlandskap og stølsvollar finst i Høydalen, Mysubytta, Mørkridsdalen og i Vigdalen.

Direktoratet for naturforvaltning (DN) er det sentrale, utøvende og rådgivende forvaltningsorganet innenfor bevaring av biologisk mangfold, friluftsliv og bruk av naturressurser. DN's visjon, For liv i naturen og natur i livet, er et uttrykk for dette. DN er administrativt underlagt Miljøverndepartementet. Myndigheten til å forvalte naturressurser er gitt gjennom ulike lover og forskrifter. Ut over lovbestemte Oppgaver har direktoratet også ansvar for å identifisere, forebygge og løse miljøproblemer ved samarbeid, rådgivning og informasjon overfor andre myndigheter og grupper i befolkningen.



Foto|Jørn Karlsen



Foto|Vegar Pedersen



Foto|Mortem Klemetsen, Aurland Naturverkstad

### **Viktig friluftslivsområde**

Området er godt eigna for utøving av enkelt friluftsliv, både for fot- og skiturar, brevandring, klatre- og toppturar.

Den Norske Turistforeining har eit godt utbygd stinett og fleire hytter innanfor og like utanfor verneområda.

Breheimen er også eit viktig område for fiske, villrein-, hjorte- og småviltjakt, samt for bærplukking og soppstaking.

### **Reiseliv/turisme**

Reiselivet i området er av stor verdi, og det er ei viktig næring i dei tre kommunane.

Verneområda i Breheimen grensar til turistvegane Strynefjellsvegen i nord og Sognefjellsvegen i sør. Breheimen vil gjennom slike attraksjonar vere sentral, både for fjell- og fjordNorge.

### **Tamreindrift, jordbruk og skogbruk**

Lom tamreinlag har om lag 2400 rein i vinterflokk. Dei

nyttar areala i Lom til vinterbeite.

Breheimen er elles eit viktig beiteområde både for storfe og sau. Dette gjeld spesielt i Mørkridsdalen, Vigdalen og setring på Mysubytta og i Høydalen.

Det er marginale skogverdiar i området, men det er likevel område som er viktige for hogst av ved. Vatningsveiter frå fjellet er viktige for jordbruket i Skjåk og Lom.